

DETALJREGULERING FOR FISKERIHAMN SKORPO, GNR. 158 BNR. 1 M.FL., TYSNES KOMMUNE

PlanID 2019-02

- **PLANOMTALE**
- **ROS-ANALYSE**



J. TUFTELAND AS
Rådgivende Ingeniører og arkitekter

Postboks 131
5401 STORD

Hamnegata 6
Leirvik

Tlf. 53 40 24 60
www.jtas.no

E-post jtas@jtas.no

INNHOLD

Planomtale

ROS-analyse

Vedlegg:

1. Kopi av varselbrev og annonsetekst
2. Kopi av innkomne merknader
3. Sjekkliste

PLANOMTALE

1.0 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET.

Planarbeidet vart starta opp hausten 2019 etter initiativ av Matre Fiskeriselskap AS v/Tor Matre. Firmaet driv fiske langs norskekysten med eigen båt (50 fot). I tillegg har selskapet 3 andre båtar (27 fot sjark, lysebåten og 17 fot lettbåt).

Selskapet leiger i dag hamn i Flakkavågen på Tysnes.

Dei har i lengre tid vore på jakt etter eigen fiskerihamn, både til eige bruk og for utleige til andre fiskeriselskap.


Matre Fiskeriselskap AS har inngått avtale med eigar av 158/1, Anna K Skorpetveit Aga, om kjøp av eit område på Fløytet, Skorpo, for etablering av eigen fiskerihamn.

Seinare har dei etablert eit eige utbyggingsselskap for etableringa, Skateneset AS, som no er tiltakshavar for prosjektet.

2.0 PLANOMRÅDET.

2.1 Lokalisering.

Planområdet ligg på austsida av Hetleidsjøen, nord på Skorpo, ca. 400 m sør for brua til Tysnes.



2.2 Areal.

Planområdet utgjer i alt ca. 20 da., på land og i sjø.

2.3 Eigedomstilhøve.

Innan planområdet er det fylgjande eigedommar:

Gnr.	Bnr.	Grunneigar	Adresse
158	1	Anna K S Aga	Skorpevegen 140, 5694 ONARHEIM
158	5	Helen M S Hystad	Eikene 19, 5694 ONARHEIM
158	5	Helge A Hystad	Eikene 19, 5694 ONARHEIM
159	2	Aud S S Skaten	Hetlelidvegen 136, 5694 ONARHEIM

2.4 Landskapsvurdering.



Området skrånar slakt frå aust mot vest, ned mot sjøen.

Aust for planområdet er bratte fjellsider.

Fløytet er ein markert knaus nordvest i området, med bratte skrentar mot sjøen.

Søraust for Fløytet er eit markert dalsøkk, med myrlendt terreng.



Området er tilvaks med barskog, både naturleg furuskog og tilplanta gran.

Mot sjøen er det bergknausar og svaberg.

Innimellan er det flatare viker.

Området er solrikt, spesielt på ettermiddagen, og kveldssol om sommaren.

2.5 Strandsone.

Innan planområdet er det ca. 350 m strandline.

Den sørlegaste delen er delvis utbygt med naust og brygger.

Det opphavelege terrenget er her variert, med bergknausar og grunnare viker.



Nord for naustet på 158/5 er det urørd natur.
Her er det bratte bergknausar ned mot sjøen.
Her er det djupt vatn i sjøen utanfor.



Lengst i nord er det ei markert vik.
I vika er det svært grunt (0 – 0,5 m).
Her renn det ut ein bekk.

2.6 Naturmangfald.

I Artsdatabanken er det ingen registreringar innan planområdet.
Like ved planområdet er det fylgjande registreringar av planter:

- Skogfredløs – NT (Nær trua).
- Legeveronika – LC (Livskraftig)
- Sumphaukeskjegg – LC (Livskraftig)

I Naturbasen frå Miljødirektoratet er m.a. registrert:



- Skogfredløs – NT. Viser på kartet ovanfor. Like utanfor planområdet.
- D2.1 Slåttemark. Svært redusert. Er skravert på kartet ovanfor.
- Viktig friluftsområde i sjøen. Potensiell bruk: Liten.

2.7 Friluftsinteresser.

Friluftsinteressene er i all hovedsak knytt til dei som har naust og brygger innan planområdet. Området er lite nytta av ålmenta.

2.8 Eksisterande bygningar og anlegg.

Innan området er fylgjande bygningar og anlegg:

- 3 naust.
- 4 flytebrygger.
- Tilkomstveg.

2.9 Kulturminne og kulturmiljø.

Det er ingen kjende fornminne eller kulturminne innan planområdet.

Sjå merknad frå Hordaland Fylkeskommune.

2.10 Trafikktilhøve.

Området har tilkomst frå Skorpevegen (Fv5076) i nord, via privat veg.

Tilkomstvegen er smal, og treng utbetring, med m.a. møteplassar.

Tilkomstvegen er privat, felles veg.

3.0 PLANSTATUS.

3.1 Kommuneplan.

I gjeldande kommuneplan er området vist som **Andre typer anlegg**.

Dette kan i tillegg til naust innehalde småbåtanlegg, skytebane, fiskerihamn, høgdebasseng, renovasjonsanlegg med tilhørende tekniske anlegg, veg og parkering.



Reguleringsplanen er såleis i samsvar med overordna plan, og utløyser difor ikkje krav til konsekvensutgreiing (KU).

3.2 Gjeldande reguleringsplan.

Området er ikkje tidlegare regulert.

3.3 Planprosess for ny reguleringsplan.

Oppstartmøte med Tysnes kommune vart halde 19.09.19.

Melding om oppstart av planarbeid vart sendt 02.10.19.

3.4 Merknader til oppstartmelding.

Innan merknadsfristen har vi motteke i alt 6 merknader, sjå vedlagde kopier:

1. Fylkesmannen i Vestland.

Fylkesmannen set krav om utarbeiding av ROS-analyse.

Vidare har han innspel innan følgjande tema:

- Klima og energi.
- Barn og unge.
- Folkehelse.
- Friluftsliv.
- Støy.
- Naturmangfold.
- Medverknad.

Kommentar:

Merknadene er etterkomne, i plankart, planomtale, ROS-analyse og føresegner.

2. Hordaland Fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga

Fylkeskommunen har gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i området. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne, og potensialet for nye funn vart vurdert å vera lågt.

3. Statens Vegvesen.

Dei viser til at avkjørsle frå Fv 5076 må vera i samsvar med med krav (sikt og radius) før utbygging i området.

Kommentar:

Dette er lagt inn som rekkefylgjekrav i føresegnerne.

4. Norges Vassdrags – og energirektorat (NVE).

NVE skriv m.a.:

«Plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift (TEK17) set tydelege krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging»

Kommentar:

I føresegnerne er det sett krav til min. byggehøgder for å unngå flaumfare.

Det er ikkje skredfare innan området.

5. Fiskarlaget Vest.

Fiskarlaget viser til at det er registrert gytefelt i området, og kaste- og låssetningsplass aust om planområdet.

Dei ber om at bruk av kaste- og låssetningsplass vert teke inn i føresegnene.

Komentar:

Merknaden er teken inn i føresegnene.

6. Aud Sissel Skaten, grunneigar av gnr. 159 bnr. 2. Representert ved advokat Øystein T. Meidell Dale.

Ho ynskjer ikkje at tilkomstvegen til nytt næringsområde skal gå over hennar eigedom.

Grunngjevinga er at hennar område vert nytta til rekreasjon og anna fritidsføremål.

Komentar:

I innspel til kommuneplanen datert 20.05.10 frå grunneigarane i området, går det klart fram at eksisterande tilkomstveg skal nyttast til heile området, for framtidig utbygging.

Alternativ tilkomstveg er ikkje nemnd.

Det er difor svært urimeleg at noverande grunneigar av 159/2 no set seg imot bruk av tilkomstvegen.


Rekreasjon og fritidsføremål er i strid med kommuneplanen.

Tiltakshavar har vurdert fleire alternative vegtracear.

Saka vart drøfta med Tysnes kommune 13.02.20. Her var kommunen klar på at bruk av eksisterande veg er den beste løysinga.

Dette er difor lagt til grunn for vedlagt planforslag.

4.0 PLANFORSLAGET.



4.1 Forslagsstillar.

Skateneset AS v/ Erlend Matre, etter avtale med grunneigar av 48/1, Anna K S Aga.

4.2 Plangrenser.

Plangrensene fylgjer i grensene for areal for Andre typer anlegg i kommuneplanen.

4.3 Planstatus.

Reguleringsplanen er utforma som detaljregulering, i samsvar med § 12-3 i Plan- og bygningslova.

4.4 Arealbruk.

Arealtabell	
§12-5. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg	Areal (m²)
1587 - Småbåtanlegg i sjø og vassdrag (2)	5889,9
1589 - Uthus/naust/badehus (2)	2463,9
1800 - Kombinert bebyggelse og anleggsformål	3497,8
Sum areal denne kategori:	11851,6
§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (m²)
2010 - Veg	663,7
2040 - Havn	2398,0
2041 - Kai	334,0
Sum areal denne kategori:	3395,8
§12-5. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift	Areal (m²)
5130 - Friluftsformål	3069,6
Sum areal denne kategori:	3069,6
§12-5. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	Areal (m²)
6710 - Friluftsområde i sjø og vassdrag	2935,5
Sum areal denne kategori:	2935,5
Totalt alle kategorier:	21252,5

4.5 Kombinert føremål – industri og naust.

På Fløytet på 158/1 er planlagt fiskerihamn for Skateneset AS.

Anlegget vil bli utleidt til Matre Fiskeriselskap AS, som driv med fiske lang norskekysten. I tillegg kan det bli aktuelt å leiga ut bygg og kaiplass til andre fiskeriselskap.



Førerebels skisse over planlagt fiskerihamn, med industribygg, kai og flytebrygge.

Bruken av resten av området mot sør er ikke avklart.

Her kan det komma industri med maritim tilknyting, eller naust.

4.6 Naustområde.

Det vert planlagt fortetting av eksisterande naustområde.

Byggegrense mot sjøen er vist i plankartet.

4.7 Småbåtanlegg

Det er planlagt 2 småbåtanlegg:

BSB1 i sør er mogeleg utviding av eksisterande anlegg.

BSB2 i nord er planlagt med flytebrygger for fiskerihamna.

4.8 Veg.

Tilkomstvegen er privat, felles veg.

Vegen vert forlenga inn på 158/1 til nytt næringsområde.

Regulerte vegar skal vera tilgjengelege for ålmenta, som gangvegar.

Det er ein føresetnad at eksisterande tilkomstveg frå fylkesvegen vert opprusta, m.a. med møteplassar.

4.9 Pakering.

Det vert lagt opp til parkering på eigen grunn.

1 parkeringsplass pr. naust.

4.10 Hamn.

Regulert hamneområde er for ferdsel med fiskebåtar og småbåtar.
Hamneområdet skal vera tilgjengeleg for ålmenta.

4.11 Kai.

Arealet ved Fløyet er svært godt eigna til kaiføremål.
Her er gode djupner (ca. 5 m) like ved land.
Området er også godt skjerma for vær og vind.
Kaiar er primært for fiskebåtar, men kan også nyttast av småbåtar.

Kaiar er private, og kan nyttast etter avtale med grunneigaren.
Detaljplanar skal godkjennast av hamnemynde.

4.12 Friluftsformål på land og i sjø.

Friluftsformål er lokalisert aust og nord i planområdet.
I nord er friluftsområdet på land kombinert med friluftsområde i sjø, slik at dette vert eit attraktivt naturområde.
Vika i nord vert verna som friluftsområde.

Friluftsformål er naturområde, som skal vera tilgjengeleg for ålmenta.
Turstiar og rastepllassar kan opparbeidast.

4.13 Landskap og estetikk.



Bygningar og anlegg skal tilpassast terreng og nærliggjande bygningar.
Industribygg for fiskeriselskapet vil bli utforma som eit tradisjonelt sjøhus.

Nye naust skal utformast som tradisjonelle naust, kfr. Føresegnene.

4.14 Strandsone.

Inngrep i strandsona skal avgrensast mest mogeleg.

Strandsone skal vera tilgjengeleg for ålmenta.

4.15 Naturmangfald.

Reguleringsplanen vil ikkje skada naturmangfaldet.

Raudlista plante Skogfredløs ligg utanom planområdet.

4.16 Landbruk.

Planlagt utbygging er ikkje i konflikt med landbruksinteresser.

4.17 Barn og unge sine interesser.

Planlagt utbygging vil gje god tilkomst til friluftsområda på land og i sjø, noko som er positivt for barn og unge.

Båtliv er positivt for alle aldersgrupper.

4.18 Miljø, forureining, radon.

Auka biltrafikk kan medføra auka luftforureining i området, avhengig av biltypar.

Det samme vil auka trafikk av fiske- og småbåtar.

Industribygg blir bygt med radonsperre iflg. TEK17.

Avløp til sjøen blir reinsa via slamavskiljar, og ført til utslepp på djupt vatn.

Utsleppet skal godkjennast av Tysnes kommune.

4.19 Skredfare.

Det er ingen skredfare i området.

Evt. skred og steinsprang i fjellsida aust for planområdet vil bli stoppa før det når planområdet.

4.20 Støy.

Biltrafikken i området vil bli svært avgrensa, med liten fart. Dette vil såleis gje små støyulemper.

Fiskebåtar og småbåtar medfører ein del støy.

Men det er ingen bustader eller fritidsbustader i nærleiken.

4.21 Universell utforming.

Bygg for fiskeri vil bli bygt i samsvar med krav til universell utforming, så lang det let seg gjera.

For naust gjeld ikkje krav om universell utforming.

4.22 Folkehelse.

Området blir lagt til rette for friluftsområde, friluftsliv og rekreasjon, noko som er positivt for folkehelsa.

Båtliv og tilgjenge til sjø er positivt for alle.

4.23 Kulturminne.

Det er ikkje registrert verneverdige kulturminne i området.

4.24 Tekniske anlegg.

Vassforsyning til næringsområdet blir løyst ved borehol i grunnen.

Avløp vert leia til slamavskiljar og godkjent djupvassutslepp.

Straumforsyning og breiband etter nærmere avtale med Tysnes Kraftlag.

4.25 Renovasjon.

Løysing etter nærmere avtale med Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM).

4.26 Økonomiske konsekvensar for kommunen.

Vegar, vassforsyning og avløpsanlegg vil vera private, og medfører såleis ingen driftskostnader for kommunen.

4.27 Egedomsinngrep.

Tilkomst til nytt næringsområde medfører auka bruk av eksisterande tilkomstveg på 159/2.

I tillegg må grunneigaren avstå eit mindre areal for å komma til 158/1.

5.0 VERKNADER AV PLANEN.

Planen medfører utbygging av fiskeribygg, kai, flytebrygge og tilkomstveg på 158/1.

Etableringa sikrar arbeidsplassar i kommunen.

Eksisterande tilkomstveg på 159/2 vil få auka trafikk.

Eigar av 159/2 må avstå eit mindre areal tile ny veg.

Utbygging av nye fiskerihamn medfører auka privatisering av strandsona.

Det samme gjeld bygging av nye naust i planområdet.

Planen er ikkje i strid med fiskeriinteresser eller landbruksinteresser.

Planen krev ikkje avbøtande tiltak i høve til Naturmangfaldslova.

Vegar og VA-anlegg vil vera private, og planen medfører såleis ingen driftskostnader for kommunen.

RISIKO OG SÅRBARHETSANALYSE (ROS)

METODE FOR RISIKOVURDERING

I norsk standard NS 5814 blir risiko definert slik:

"Uttrykker den fare som uønskede hendelser/tilstander representerer for mennesker, miljø eller materielle verdier. Risikoen uttrykkes som sannsynligheten for, og konsekvenser av de uønskede hendelsene".

Kriterium for sannsynlighet og konsekvens

Det er brukt samme kriterier for inndeling av uønskede hendelser i sannsynlighet og konsekvens som i den overordna ROS-analysen for Tysnes kommune. Intervall og kriterier er oppdaterte slik at de oppfyller kravene i teknisk forskrift (TEK 17).

Følgende inndelinger for **sannsynlighet** skal brukes:

Begrep	Intervall
Svært sannsynlig	Mer enn en hendelse hvert 20. år
Sannsynlig	Mindre enn en hendelse hvert 20. år, men mer enn en hendelse hvert 200. år
Noe sannsynlig	Mindre enn en hendelse hvert 200. år, men mer enn en hendelse hvert 1000. år
Lite sannsynlig	Mindre enn en hendelse hvert 1000. år, men mer enn en hendelse hvert 5000. år
Usannsynlig	Mindre enn en hendelse hvert 5000. år

Konsekvensene for liv og helse, miljø, økonomi og materielle verdier, drift, produksjon og tjenesteytelse, samfunnsviktige funksjoner og troverdighet/omdømme, er vurdert etter følgende begrep:

- Ubetydelig
- Enn viss fare
- Alvorlig/farlig
- Kritisk
- Katastrofal

Følgende inndelinger for **konsekvens** skal benyttes:

KONSEKVENT	VEKT	MENNESKE	YTRE MILJØ (LUFT, JORD, VATN)	MATERIELLE VERDIER
KATASTROFALT	5	Mer enn 5 døde, eller 25 alvorlig skadet (KBP nivå 3)	Varig større skade på ytre miljø	Skadar for mer enn 50.000.000 kr
KRITISK	4	Inntil 5 døde, eller fare for inntil 25 alvorlig skadde personer. (KBP nivå 2)	Alvorlig skade av mindre omfang på ytre miljø, eller mindre alvorlig skade av stort omfang på ytre miljø	Skader mellom 5.000.000- 50.000.000 kr
ALVORLIG	3	Inntil 10 alvorlige personskader, eller mange mindre personskader, men med sykefravær. Vesentlige helseplager og ubehag. (KBP nivå 2)	Store skader på ytre miljø, men som vil utbedres på sikt.	Skader mellom 500.000-5.000.000 kr
EN VISS FARE	2	Mindre skader som trenger medisinsk behandling, evt. Kortere	Mindre skader på ytre miljø, men som naturen selv utbedrer på kort tid.	Skader mellom 50.000-500.000 kr

		sykefravær. (KBP iva 1)	
--	--	-------------------------	--

Akseptkriterier

Ved gjennomføring av ROS-analyse for nye utbyggingsområde skal det legges til grunn følgende akseptkriterier:

Hendelser i rødt felt medfører uakseptabel risiko. Her må risikoreduserende tiltak gjennomføres. Ellers må det gjennomføres mer detaljert ROS-analyse for eventuelt å avkrefte risikonivået. For tiltak i røde felt skal det utarbeides ROS-analyse før tiltak kan godkjennes.

Tilhøve raude felt

Tilhøve gule felt

Tilhøve grøne felt

For hendelser som ligger i gul sone må det gjennomføres tiltak for å redusere risikoen så mye som råd er. Det kan være naturlig også å legge en kostnytteamalyse til grunn for vurdering av enda flere risikoreduserende tiltak. I gul sone skal kommunen kreve ROS-analyse.

I utgangspunktet er hendelser i grønn sone akseptabel risiko, men flere risikoreduserende tiltak av vesentlig karakter skal gjennomføres når det er mulig ut fra økonomiske og praktiske vurderinger. Om det skal gjennomføres ROS-analyser i grønne områder må vurderes i den enkelte regulerings- og/eller byggesak.

Dette betyr at som hovedregel er hendelser plassert i røde felt noe som medfører uakseptabel risiko, og at det må gjennomføres risikoreduserende tiltak av forebyggende og/eller skadebøtene karakter, slik at risikobildet kommer ned på akseptabelt nivå.

Nr.	Tema	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Merknad / tiltak
-----	------	------------	------------	--------	------------------

Naturfarar

1	Masseras/skred/skrentar/stup	2	2	Skjeringar må sikrast. Ingen skredfare.
2	Snø/isras			
3	Flaum/springflo	2	3	Bygningar over øverste springflo
4	Elveflom			
5	Tidevassflaum	2	3	Sjå pkt. 3
6	Radongass	2	3	Tiltak iflg. byggeforskrifter
7	Vindutsette område	2	3	Tiltak iflg. byggeforskrifter
8	Nedbørutsette område	3	2	Etablering av tette flater medfører auka nedbørsavrenning

Menneske- og verksemdbaseerte farar

9	Sårbar flora	3	2	Raudlista Skogfredløs
10	Sårbar fauna/fisk/vilt			Ingen registreringar
11	Verneområde			
12	Vassdragsområde			
13	Fornminne			Ingen registreringar
14	Kulturminne/miljø			Ingen registreringar
15	Område for idrett/leik			
16	Park/rekreasjonsområde			
17	Friluftsområde	3	2	Natur- og friluftsområde blir redusert
	Infrastruktur			
18	Veg, bru, knutepunkt			
19	Hamn, kaianlegg	2	2	Kai medfører naturinngrep

20	Sjukehus/-heim, kyrkje				
21	Brann/sløkkevatn, politi	2	2		Utbygging krev sløkkevatn Ekstra vatn kan hentast fra sjø
22	Forsyning, kraft, vann	3	2		Utbygging krev ekstra kapasitet
23	Tilfluktsrom				Ingen krav
Forurensingskjelder					
24	Industri	3	2		Spillvatn blir reinsa før utslepp
25	Bustad/fritid	3	2		Spillvatn blir reinsa før utslepp
26	Landbruk				
27	Akutt forureining				
28	Støv og støy industri	2	2		Fiskeriindustri med liten støy
29	Støv og støy trafikk	2	2		Utbygging medfører auka trafikk Svært liten ÅDT, låg fartsgrense
31	Støy andre kjelder	2	2		Støy frå båtar
32	Forureining i sjø	2	3		Ingen utslepp frå båtar er tillede
33	Forureina grunn				
34	El. forsyning				
Andre farlege / spesielle område / forhold					
35	Industriområde				Sjå pkt. 24
36	Høgspentline				
37	Risikofylt industri	2	2		Fiskeriindustri med liten risiko
38	Avfallsbehandling	2	2		Etter avtale med SIM
39	Oljekatastrofeområde				
40	Spesielle fohold ved utbygging				
Transport					
41	Ulykker med farleg gods				
42	Vær/føre avgrensar tilgjenge				
til området					
43	Ulykker i avkjørsler	2	2		Avkjørsler må ha frisikt
44	Ulykker med gåande/syklande	2	2		Redusert fart i området
45	Andre ulykkespunkt	2	3		Båtulykker. Obligatorisk med flytevest i båt

Risikomatrise:

Konsekvens: Sannsyn:	1. Ufarleg	2. Ein viss fare	3. Alvorleg	4. Kritisk	5. Katastrofalt
5. Særssannsynleg					
4. Mykje sannsynleg					
3. Sannsynleg		8,9,17,22,24,25			
2. Mindre sannsynleg		1,19,21,28,29,31 37,38,43,44	3,5,6,7,32,45		
1. Lite sannsynleg					

Akseptkriterier:

Hendelser i rødt felt: Tiltak er naudsynt

Hendelser i gult felt: Tiltak må vurderast nærmere.

Hendelser i grønt felt: Minimumstiltak bør gjennomførast

Avbøtande tiltak:

3	Flaum/springflo	Alle nye bygningar skal plasserast på min. Kote + 2,0 m.
5	Tidevassflum	Sjå pkt. 3.
6	Radongass	Radonsperre i samsvar med TEK17.
7	Vindutsette område	Konstruksjonar dimensjonerast iflg. TEK17 og Norsk Standard / Eurocode.
8	Nedbørutsette område	Overvatn blir sett il terregn, med åpne vassvegar til sjøen.
9	Sårbar flora	Ved utbygging må det takast omsyn til raudlista art Skogfredløs like aust for planområdet.
17	Friluftsområde	Friluftsområdet blir redusert. Blir kompensert med nærliggjande friluftsområde.
22	Forsyning kraft, vann	Tysnes Kraftlag må sikra straum til ny utbygging. Vassforsyning vert sikra med nytt borehol.
25/32	Forureining i sjø	Spillvatn blir ført via slamavskiljar til godkjent utslepp i sjø. Ingen utslepp frå båtar. Avfall blir levert etter nærmare avtale med SIM.
33	Båtulykker	Obligatorisk med flytevest i båt og på brygger.

Stord, 22.05.20

J. TUFTELAND AS